

Notat

Prosjekt : 250378
Sak : Detaljregulering Breidskridu gard
Dato : 03.03.2026

Vurdering av om planen utløyer krav om konsekvensutgreiing

Vurdering av plikt om konsekvensutgreiing

Planarbeidet gjeld detaljregulering av gardstilknytta turistdestinasjon med hesteavl og lokal matproduksjon, blant anna. På grunn av rovdyrproblematikk tradisjonell drift lagt om, og det er ynskjeleg å vidareutvikle turistrelatert verksemd og aktivitet.

Forslagsstillar har, jf. § 4 i forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta), ansvar for å vurdere om planen er omfatta av §§ 6, 7 og 8 i denne forskrifta.

Dette notatet vurderer om tiltaket/detaljreguleringsplanen kan få vesentlege verknadar for miljø og/eller samfunn etter §§ 6 og 8.

- §6 omhandlar planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, og ha planprogram eller melding. Aktuelle tiltak er lista opp i forskrifta sitt vedlegg I. Det er vurdert at planforslaget ikkje er omfatta av tiltak i vedlegg I, og dermed ikkje utløyer plikt om konsekvensutgreiing.
- §8 omhandlar planar og tiltak lista opp i vedlegg II. Planar og tiltak i vedlegg II skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn jf. kriteria i § 10. Det er vurdert at planforslaget ikkje fell inn under tiltak i vedlegg II, og dermed ikkje utløyer plikt om konsekvensutgreiing.

På bakgrunn av nedanfor vurdering konkluderer forslagsstillar at planlagt utbygging ikkje utløyer krav om konsekvensutredning etter §6 og §8 i KU-forskrifta.

Vurdering etter § 6

Utklipp frå §6 i forskrift om konsekvensutgreiing:

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding

Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

- a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II
- b. reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- c. tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.

Tiltaket/planarbeidet er ikkje omfatta av tiltak i vedlegg I, og er derfor ikkje omfatta av forskrifta.

Vurdering etter §§ 8 og 10

Utklipp frå § 8 i forskrift om konsekvensutgreiing:

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a. reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- b. tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.

Tiltaket/planarbeidet er omfatta av § 8a samt pkt. A. 1. a) *Prosjekter for omstrukturering av jordeiendommer* i vedlegg II. Tiltaket/planarbeidet er derfor vurdert opp mot § 10 i forskrifta.

Kriteria i § 10 vurderer om ein plan/tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, og omfattar eigenskapar, lokasjon og påverknad. Jamfør vurdering under utløyser ikkje planen krav om konsekvensutgreiing jf. §§ 8 og 10.

Eigenskapar ved planen/tiltaket

<p>a) Storleik, planområde og utforming Planområdet er avgrensa til å omfatte areal på eigedom 49/10 og 49/20. Breidskridu (49/10) består av gardstun med tilliggjande landbruksareal. Eigedomen består av 46 daa dyrka jord, 17 daa innmarksbeite, 172 daa produktiv skog, 5 daa bebygd areal og 24 daa anna areal. 49/20 består av 0,3 daa bebygd areal.</p> <p>Planområdet er 32 daa.</p>
<p>b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar Planområdet består delvis av dyrka mark. Ca. 6 daa av dette arealet skal nyttast til ridebane.</p>
<p>c) Avfallsproduksjon og utslepp Tiltaka i planen vil føre ikkje føre til vesentleg auke i CO₂-utslepp.</p>
<p>d) Risiko for alvorleg ulykke og/eller katastrofe Vert ikkje lagt opp til arealformål/verksemd som gjev risiko for alvorlege ulykker.</p>

Lokalisering og påverknad på omgjevnadene, jf. § 10, tredje ledd:

<p>a)</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Verneområde etter naturmangfaldlova kap. V eller markaloven § 11 Nei. ▪ Utvalde naturtypar (naturmangfaldlova kap. VI) Nei. ▪ Prioriterte artar Nei. ▪ Verna vassdrag Nei. ▪ Nasjonale laksefjordar/laksevassdrag Nei. ▪ Objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminnelova Nei.
<p>b)</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Trua artar/naturtypar Nei ▪ Verdifulle landskap Nei. ▪ Verdifulle kulturminne/-miljø Nei. ▪ Nasjonalt/regionalt viktige mineralressursar Ikkje registrert førekomstar/verdiar i DMF si database. ▪ Område med stor betydning for samisk utmarksnæring/reindrift Nei. ▪ Område som er særleg viktig for friluftsliv Nei.
<p>c)</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Statlege planretningslinjer Ikkje relevant. Aktuelle statlege planretningslinjer vert lagt til grunn i planarbeidet. ▪ Statlege planføresegner eller regionale planføresegner Ikkje relevant. Aktuelle statlege planføresegner vert lagt til grunn i planarbeidet.
<p>d)</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Større omdisponering av område avsett til LNFR-føremål eller område regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd Nye tiltak vil ikkje medføre større omdisponering. Ikkje aktuelt.
<p>e)</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar blir overskride Ikkje aktuelt. Tiltaket vil ikkje overskride fastsette miljøkvalitetsstandardar. Eventuelt relevante tema i så måte vert identifiserast og vurdert i ROS-analyse, som ein del av normal planutredning.
<p>f)</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Konsekvensar for folks helse, t.d. som fylgje av vass-/luftforureining Ikkje aktuelt. Sjå pkt. e.

g)	▪ Vesentleg forureining eller klimagassutslepp Sjå pkt. e) og f).
h)	▪ Risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarer Det er kartlagd skredfaresoner innanfor planområdet. Dette avklarast vidare i planarbeidet, og vil ikkje medføre behov for KU.

Konklusjon

Planen utløyser ikkje plikt om konsekvensutgreiing. Verknader av planforslaget vert tilstrekkeleg vurdert i plandokumenta.

for Nordplan AS



Marte Turtum
Naturforvaltar